



Sluttrapport – Lokalt trafikksikringsarrangement – økonomisk støtte - 2017

Sluttrapporten skal sendast til:

Elektronisk adresse: hfk@hfk.no

Rapporten må merkast: "Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement - sluttrapport – ref: 2014/1230"

Stad og dato:.....Knarvik 16. juni 2017.....

Rapportering etter lokalt trafikksikringsarrangement

Namn på arrangement	«Russearrangement», «Trafikksikringsarrangement»
Tidspunkt for arrangement	20. april 2017
Namn på mottakar av tilskotet	TSU Nordhordland, Trafikkfaglig samarbeidsutval
Adresse og postnr.	v/ Jakob Hernar Sagstadveien 19
Postnummer og poststad	5918 Frekhaug
Epost	gunn-torhild.ramslien@lindas.kommune.no Nils.Medaas@lindas.kommune.no
Kontonummer	3633.42.39270
Organisasjonsnummer	899 303 342
Kommune	Arrangementet ble gjennomført i Lindås kommune, men er for elever i Nordhordland
Tilskotssum	Kr 75.000,-
Evt. eigenandel	Eigenandel: kr. 100.000,- Totalkostnad: kr. 208.578,-
Totalkostnad	

Gjennomføring av arrangementet:

Gje ei kort utgreiing av korleis arbeidet er gjennomført. Gje ei kort vurdering av kva trafikksikringsverknader prosjektet har hatt, og vidare planar for arbeidet.

Torsdag 20. april vart årets «russearrangement» gjennomført. Om lag 600 elevar frå Nordhordland var samla ved Nordhordlandshallen i Knarvik. Det var elevar frå folkehøgskulen på Frekhaug, avgangselevar frå Knarvik, elevar frå yrkesretta fag i Knarvik og elevar ved Austerheim vidaregåande skule. I år kom også 100 elevar frå Askøy vidaregåande skule. Ein representantar frå Askøy kommune har vore med under hele planleggingsprosessen, for å innspel om korleis eit trafikkførebyggjande arrangement kan gjennomførast. Det vart også opna opp for at lokalbefolkninga kunne delta på utedelen av arrangementet.

Utdeelen av arrangementet, var ein full demonstrasjon av ein redningsaksjon ved ein trafikkulukke. Alle naudetatane var med i demonstrasjonen; brann, politi og ambulanse. Luftambulanse skulle delta på arrangementet, med grunna dårlege flytilhøve kunne dei diverre ikkje kome.

Arrangementet starta med å sleppa en bil frå 24 meter, som tilsvara ein bråstopp i 80 km/t.

Under heile demonstasjonen, fekk elevane forklart korleis redningsmannskapane arbeidar på skadestaden. Dei fekk informasjon om faremomenta i trafikken og årsaker til mange trafikkulykker. Elevane vart sterkt oppmoda om å vera aktsam i trafikken, og sei i frå om det er nokon som køyrer fort eller uforsvarleg.

På ein realistisk og brutal måte, fekk elevane innblikk i konsekvensane av ei tragisk trafikkulykke med høg fart.

Dette gjer inntrykk !



Kor store skadar får ein bil som krasjar i 80-kilometer i timen? Sjå video over og få svaret. Under får du bilde frå trafikkaksjonen i dag.

Etter at demonstrasjonen fekk elevene anledning til å sjå på bilvraka og prata med utrykkingspersonell på staden.

Arrangementet fortsette med ein «innedel», som vart halde i Knarvik kyrkje. Arrangementet inne vart opna med musikk frå lokal artist. Vidare fekk elevane høyra historier frå personar som sjølve har vore involvert i alvorlege trafikkulukker. Dei skildra sjølve trafikkulukka, men også den sterke historia om kampen tilbake til livet etter ulukka.

Dårlege val i trafikken kan få fatale konsekvensane, ikkje berre for den forulukka, men også for alle rundt.

Det er ei sterk oppmoding til dei unge om å ta gode val i trafikken.

Russearrangementet fekk omtale i lokalavisene, Strilen og Avisa Nordhordland. Vedlagt følger nokre utklipp frå lokalavisa.

Sjå redningsarbeidet «live»

ANNE-LISE NORDPOLL

OPPDATERT: 21.APR.2017 11:51 | PUBLISERT: 20.APR.2017 14:09



<http://www.strilen.no/nyheter/Sja-redningsarbeidet-live-17052b.html>

<https://www.nordhordland.no/nyheiter/russ/tsu/det-er-veldig-brutalt-a-sja-det-slik/v/5-33-117678>

Trafikksikringsverknad arrangementet har hatt:

TSU har gjennomført russearrangementet i en årrekke, og har truen på at arrangementet verkar. TSU får mange og gode tilbakemeldingar på arrangementet. Arrangementet gjer sterke inntrykk, som igjen gjer noko med haldningane i trafikken og køyremønsteret til dei unge.

TSU har laga ein film som beskriv arrangementet. Sjå filmen på :

<https://www.dropbox.com/s/yivykbzjw7geabv/TSU%20Trafikksikringsdag%20for%20russ%20MAS%20TER.mp4?dl=0>

Vidare planer for arrangementet:

Arrangementet er gjennomført 11 gonger , og vi er overtydd om at det nytter. Vi gir oss ikkje med det, og ynskjer å gjennomføre tilsvarende arrangement til neste år. Me har som mål å nå endå fleire med gode haldningar i trafikken.

Rekneskapsversikt:

Legg ved eit detaljert rekneskap.

Type midlar	Utgifter	Inntekter
Leie av buss	12.813,-	
Leie av lokale og severing	13.705,-	
Lyd og lystechniker	48.343,-	
Bilvrak og transport	3.812,-	
Mobilkrane	7.813,-	
Blomster	2.540,-	
Innleie av ekstramannskap,	10.000,-	
Musikkinnslag	4.000,-	
Møtekostnader	1.152,-	
Anna (oppdydding,markører m.m)	4400	

*Eigenandel del, min. 25% (ved totalkostnad over 30.000 kr):	100.000,-	100000
Midlar frå Lindås kommune		33.578,-
midlar frå FTU		75.000,-
	208.578,-	208.578,-

Tusen takk for støtta til arrangementet!

TSU Nordhordland